

Kort omtale av prosjekt som er tildelt såkornmidlar i 2018

Skjemaet skal brukast som informasjon til nettstaden om Program for pasienttryggleik i Helse Vest.

Fyll inn i dei lyse felte. Skjemaet utvidar seg, der du treng meir plass til å skrive.	
Prosjektnamn	
Kommunikasjonsflyt for mattilbod og ernæring i sjukehus	
Prosjekteigar (helseføretak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjektet)	
Terapeutiske spesialtenester v/kliniske ernæringsfysiologer	
Prosjektleiar (kontaktperson)	
Anne Sætre, klinisk ernæringsfysiolog	
Kva problem er det prosjektet skal forsøke å løyse?	
Det overordna målet med prosjektet er å betre ernæring og mattilbod til inneliggjande pasientar gjennom å sikre rett mat, til rett pasient, til rett tid. Status for ernæringsstrategien i Helse Fonna viser at det ikkje eksisterer faste møtepunkt mellom kjøkken og avdelingane. Nettverksmøter mellom kliniske ernæringsfysiologar og ernæringskontaktar ved sengepostane har heller ikkje fungert etter hensikta.	
Mål for prosjektet	
Prosjektet har som mål å betre kommunikasjonsflyt og intern samhandling rundt mattilbod og matlevering, for slik å betre pasientane si tilfrisking og forbetre ernæringsbehandlinga.	
Korleis skal du måle om endringa du skal gjennomføre i prosjektet er ei forbetring?	
Ved at fleire pasientar får rett mat til rett tid, og kommunikasjonen mellom kjøkken/matforsyning og sengepostane blir betre.	
Resultatmål:	
- Andel feil i matlevering til sengepostane per veke. - Mengde matsvinn per veke.	
Prosessmål:	
- Andel samhandlingspunkt der både kliniske ernæringsfysiologar, kjøkken og sengepostane er representert.	
Planlagt bruk av resultat i eiga eining	
Resultat frå målingar av matsvinn og feilfrekvens vil gje informasjon om nytte av tiltaka som blir iverksatt, og kva tiltak som skal bli vidareført/implementert etter prosjektperioden. Erfaringar med samhandlingspunkt mellom KEF, kjøkken og einingane kartlagt i fokusgruppeintervju vil bli brukt til å justere form, innhald og frekvens av møtene.	
Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen	
Prosjektrapport vil gje anbefalingar om kva tiltak som påverkar matsvinn og feilfrekvens i positiv retning, samt oppsummere suksesskriterier og utfordringar i samhandlingspunkt. Dette kan andre einingar, sjukehus og føretak nytte i lokalt forbetringsarbeid. Resultat frå prosjektet vil bli formidla på relevante arenaer eksternt (t.d. konferanseposter) og internt (t.d. klinikkforum).	
Oppstarttidspunkt	Sluttidspunkt
August 2018	August 2019